

# Referat fra Regionstyremøte

27. jan kl. 08.00 – kl. 15.15, møterom Stølen, Skrautvålsvegen 77, 2900 Fagernes

---

**Møtte:** Linda Mæhlum Robøle, Vidar Eltun, Marit Hougsrud, Knut Arne Fjelltun, Odd Erik Holden, Haldor Ødegård, Erik Ringnes frå kl. 09.00, Jostein Aanestad (adm. repr.) Jørand Ødegård Lunde (adm. repr.) og Dag Arne Henriksen (adm. repr.) frå kl. 09.45

## Meldt forfall:

Stein Trondsmoen

## Konstituering av møtet:

- Linda Mæhlum Robøle leia møtet
- Sakliste og innkalling samrøystes godkjent.

## 4 saker under eventuelt:

1. Utvikling av reiselivet
2. Flytting av Valdresrådet i mars
3. Innspel til jordbruksforhandlingane
4. Førebu ein presentasjon av Valdreslandbruket

## Referat:

Jørand Ødegård Lunde

## Alle vedtak var samrøystes

## Dagsorden var:

Kl. 08.00 - 08.45	Møtestart og nytt frå Rådmannsutvalet v/ rådmann Jostein Aanestad
Kl. 09.00 - 09.45	Møte med politiet v/tenestestedsleiar Kristoffer Tessem, orientering om situasjon i politiet etter samlokaliseringa og nærpoltireforma
Kl. 10.00 – 10.30	Valdres næringshage A/S, arbeidsåret 2020 v/Hilde Tveiten Døvre
Kl. 10.30 – 10.50	Skaperkraft Valdres, aktivitet so langt v/ Gudbrand Silvet Heiene
Kl. 11.00	Lunsj
Kl. 11.45	Styremøte held fram
Kl. 15.15	Styremøte i Valdres friluftsråd, sjå eiga innkalling
Kl.16.00	Møteslutt

## Orienteringar:

### Orienteringar frå rådmannsutvalet v/ Jostein Aanestad:

Rådmennene diskuterer utvikling av det administrative samarbeidet.

Avtala med Valdresmusea A/S, dei har meddelt at dei treng litt tid før enn dei melder attende. Breiband, Jostein Aanestad orienterte om prosessen med nytt anbod.

Oppretting av Fact - team, det vert arbeidd med avtala mellom Sjukehuset Innlandet og vertskommunen Nord-Aurdal kommune.

**Omstillingsstatus Nord – Aurdal kommune v /ordfører Knut Arne Fjelltun** Arbeidet er i fire faser, no er dei inne i fase 2, strategifasa. Mobilisering i eksisterande næringar er viktig. Landbruk vart diskutert – korleis bruke omstillinga til å utvikle og omstille landbruket?.

[Presentasjon vedlagt.](#)

**Politiet, Kristoffer Tessem:** Stillingsstopp og trangt økonomisk. Tvangsinndrivingar er no etablert med 6 stillingar på Kongsvinger, ressursar henta også i Valdres. Det er todelt vakt, med vakt dag og kveld med passiv nattevakt. Må redusere på det forebyggende arbeidet, når alle må dekke turnusen og det er mindre folk. Politikontakter er prioritert. Linda Mæhlum Robøle tok opp blålysetatene ved utrykking. Politiet er ofte sist, sa ho. Tessem svara: Det er ein politistasjon, 10 brannstasjonar og tre ambulansestasjonar. Brann har også ein innsatsleiar som dekker Valdres, hender at han òg kjem seint. På ei standard hending er ei politipatrulje nok.

Vaktordninga er ikkje endra, det har vore vaktamarbeid i 25 år i Valdres. Det er nedtrekk til drift av politidistrikta generelt, pengane har gått til beredskapssenter og helikopter. Erik Ringnes spurde om helger og høgtider, Tessem svara at dei har heilagdagstillgg som blir brukt ved overtid. Tessem rosa samarbeidsklimaet i Valdres. Den eige kanalen i naudnettet for planlegging BAPS blir brukt aktivt i Valdres. Marit Hougsrud poengterte at skolekontakta i Sør- Aurdal fungerer bra. Vidar Eltun poengterte at beredskap er viktig, kvar skal me påverke for å ha ein tilfredsstillande beredskap? Svaret er politimeisteren seier Tessem. Vakt og beredskap går framfor forebyggande. Politimester Brekke bør inviterast for ei samtale. Knut Arne Fjelltun understreka at vi kan ikkje akseptere mindre vaktberedskap enn det vi har.

Odd Erik Holden tok opp situasjon med manglande investeringsbudsjett, det må gå av driftsbudsjettet. Han tok og opp manglande midlar til avansementstillingar. Til det svara Tessem at han håper å få gjort noko med det. Erik Ringnes tok DPA (digitalt politiarbeid)

Straffesakstala i Valdres er bra, fin samansetning av personalressursar også på etterforsking.

Sivil rettspleie var 3,5 arbeidsplassar har blitt til 2,9. Valdres har fordelt tal på sakshandsaming. Porteføljestyre sit no å fordeler saker. Tessem tilrår eit regionalt forliksråd, det krev 2/3 fleirtall i kommunestyra. Kommunane må ha vurdert dette innan utgangen av 2020. Basestasjonar fortel noko om folketalet som er i Valdres til ei kvar tid.

**Valdres Næringshage A/S**, Hilde Tveiten Døvre orienterte. Presentasjon vedlagt. Ho orienterte om overgangsordningane ut 2021 for Næringshagar i SIVA systemet. Erik Ringnes tok opp arbeidet mot internasjonale program og Innlandets rolle der.

**Skaperkraft Valdres S/A**, Gudbrand Silvet Heiene orienterte om det 4-årige prosjekt. Kulturnettverket 2016 høyrde foredrag med Eirik Newth, det gav inspirasjon. 24. april Teknologidagen. Neste styremøte i Skaperkraft Valdres blir det tema deltaking frå næringslivet.

### **Saker drøfta:**

**Regionstyret /kommunane si deltaking i utviklinga av reiselivet**

- **Ny reisemålsstrategi**
- **Nye avtaler /arbeidsfordeling for år 2021 og framover**

Sjå eventuelt.

### **Saker handsama:**

- RS 1-/-20     Protokoll**
- RS 2-/-20     Referatsaker**
- RS 3-/-20     Avtale med Visit Valdres A/S for 2020**
- RS 4-/-20     Valdres Ung**
- RS 5-/-20     Huga på gard**

- RS 6-/-20 **Bandtvangsreglar i Valdres**  
 RS 7-/-20 **Avslutning forprosjekt klima**  
 RS 8-/-20 **Eventuelt**

1. **Utvikling av reiselivet**
2. **Flytting av Valdresrådet i mars**
3. **Innspel til jordbruksforhandlingane**
4. **Førebu ein presentasjon av Valdreslandbruket**

## RS 1-/-20 Protokoll

### Forslag til vedtak:

Regionstyret godkjenner protokoll av 18. des. 2019

### Vedtak:

Regionstyret godkjenner protokoll av 18. des. 2019

## RS 2-/-20 Referatsaker

### Forslag til vedtak:

Regionstyret tar referatsakene til etterretning

### Vedtak:

Regionstyret tar referatsakene til etterretning

## RS 3-/-20 Avtale med Visit Valdres A/S for 2020

### Forslag til vedtak:

1. Regionstyret godkjenner framlagte vedlegg som nytt vedlegg til partnerskapsavtalen av 29. mars 2017 med Visit Valdres A/S
2. Opprinnelig vedlegg til partnerskapsavtalen med VV av 29. mars 2017 som også er datert 29. mars 2017 oppheves
3. Regionstyret ber om at kommunene faktureres særskilt for disse beløpene to ganger i året, pr 1. mars og pr 1. september og at disse beløpene overføres Valdres Natur- og Kulturpark øremerket Reiseliv
4. Beløpene er inklusive eventuell mva.
5. Valdres Natur- og Kulturpark overfører så pengene til Visit Valdres A/S i henhold til inngått avtale
6. Avtalen gjelder for år 2020

### Vedtak:

1. Regionstyret godkjenner framlagte vedlegg som nytt vedlegg til partnerskapsavtalen av 29. mars 2017 med Visit Valdres A/S
2. Opprinnelig vedlegg til partnerskapsavtalen med VV av 29. mars 2017 som også er datert 29. mars 2017 oppheves
3. Regionstyret ber om at kommunene faktureres særskilt for disse beløpene to ganger i året, pr 1. mars og pr 1. september og at disse beløpene overføres Valdres Natur- og Kulturpark øremerket Reiseliv
4. Beløpene er inklusive eventuell mva.
5. Valdres Natur- og Kulturpark overfører så pengene til Visit Valdres A/S i henhold til inngått avtale
6. Avtalen gjelder for år 2020

## RS 4-/-20 Valdres Ung

### Forslag til vedtak:

Regionstyret slutter seg til resonnementet og gir sin støtte til arbeidet for en regional møteplass / regionalt ungdomsråd og Valdres Ung under forutsetning at tiltaket utløser ekstern med finansiering.

### Handsaming:

Regionstyret diskuterte ungdommens syn på dette arbeidet, regionstyret ynskjer at deira stemme skal høyrast. Det kan vera forveksling av namna Valdres Ung og Ung i Valdres, regionstyret meiner derfor at namnet bør endrast.

### Vedtak:

1. Regionstyret slutter seg til arbeidet for en regional møteplass for ungdom /ungdomsråd
2. Regionstyret tar framlagte dokument om Valdres Ung til orientering og ber om at arbeidet forankrast i regional møteplass for ungdom /ungdomsråd for Valdres
3. Regionstyret ber om at navnet Valdres Ung endres

## RS 5-/-20 Huga på gard

### Framlegg til vedtak:

1. Regionstyret tilrår at utkast til Huga på gard prosjektet blir sendt kommunane for vurdering.
2. Regionstyret ber kommunane om ei vurdering på om dei ynskjer å delta.
3. Dersom svaret er ja, må naudsynt eigeninnsats, både pengar og arbeid, stillast til rådvelde jf. vedlagt finansieringsplan
4. Kommunestyret bedast òg om å gje Regionstyret fullmakt til å foreta naudsynte tilpassingar i prosjektet, men innanfor dei rammene som ligg i utkast til søknad og ut frå kor mange kommunar som deltek.

### Handsaming:

Regionstyret diskuterte foreslegne vedtakspunkt ein og kom fram til at dei ynskte ei endring av ordlyden.

### Vedtak:

1. Regionstyret tilrår Huga på gard.
2. Regionstyret ber kommunane om ei vurdering på om dei ynskjer å delta.
3. Dersom svaret er ja, må naudsynt eigeninnsats, både pengar og arbeid, stillast til rådvelde jf. vedlagt finansieringsplan
4. Kommunestyret bedast òg om å gje Regionstyret fullmakt til å foreta naudsynte tilpassingar i prosjektet, men innanfor dei rammene som ligg i utkast til søknad og ut frå kor mange kommunar som deltek.

## RS 6-/-20 Bandtvangsreglar i Valdres

### Framlegg til vedtak:

Saka handsamast vidare i dei seks Valdreskommunane

### Vedtak:

Saka handsamast vidare i dei seks Valdreskommunane

## RS 7-/-20 Avslutning forprosjekt klima

### Forslag til vedtak:

1. Regionstyret tar rapporten til etterretning
2. Anbefaling om oppretting av stilling som klimarådgiver følges opp av kommunene
3. Anbefaling om videre nettverksarbeid følges opp av Valdres Natur- og Kulturpark etter oppretta samarbeidsmodell fra 2019

### Handsaming:

Regionstyret drøfta oppfølging av dette arbeidet. Rådmann Jostein Aanestad sa at rådmennene /kommunedirektørane meiner klimarådgiving i arealplanlegginga bør ligge i alle kommunane og at dei ikkje tilrår å opprette ei regional stilling no, jf. pkt. 2 i vedtaket. Dette vart drøfta av Regionstyret, Aanestad sa at han ville bringe synspunkta fram for rådmennene /kommunedirektørane på nytt.

### Vedtak:

1. Regionstyret tar rapporten til etterretning
2. Anbefaling om oppretting av stilling som klimarådgiver følges opp av kommunene
3. Anbefaling om vidare nettverksarbeid følges opp av Valdres Natur- og Kulturpark etter oppretta samarbeidsmodell fra 2019

## RS 8-/-20 Eventuelt

### 1. Utvikling av reiselivet

Til møtet var det sett opp drøftings sak om utvikling av reiselivet. Regionstyret ynskte å gjera eit vedtak om prosessen vidare og fatta fyljande **vedtak:**

- a) Regionstyret ynskjer å drøfte innretning og oppgåvefordeling mellom Valdres Natur- og Kulturpark og reiselivsnæringa på bakgrunn av ny reisemålsstrategi og innanfor rammene av lovverket.
- b) Regionstyret ynskjer å delta i prosessen med å utvikle ny reisemålsstrategi for Valdres.
- c) Regionstyret ynskjer å få ny reisemålsstrategi til handsaming

2. **Flytting av Valdresrådet i mars?** Regionstyret har fått ein førespurnad om deltaking på Barnas Ridderrenn den 27. mars, den dagen er det varsla Valdresråd i Sør – Aurdal. Regionstyret er positive til deltaking under Ridderrennet, men finn det vanskeleg å flytte dette møtet. **Konklusjon:** Møtet blir ikkje flytta.

### 3. Innspel til jordbruksforhandlingane

**Konklusjon:** Regionstyret ber adm. i VNK førebu eit innspel til jordbruksforhandlingane til styremøtet 4. mars

### 4. Førebu ein presentasjon av Valdreslandbruket

Målet med eit slikt arbeid er å skaffe dokumentasjon for framtidig påverknadsarbeid overfor avgjerande myndigheit. Kven og når kjem ein attende til.

**Konklusjon:** Regionstyret set ned ei arbeidsgruppe beståande av: Haldor Ødegård, Odd Erik Holden, Ole Agnar Wold, Arnfinn Beito, Fredrik Holte Breien, Guri Grønolen og Jørand Ødegård Lunde

**Mandat:** Hente inn tal og statestikk for å synleggjera utviklinga i Valdreslandbruket og prøve å setja dei utviklingstrekka ein ser inn i eit klimaperspektiv

*Møteslutt.*